

Zara, 14 år

Zara går på ungdomsskulen. Ho klarar seg greit fagleg og sosialt. Den siste tida har ho vore stille og går meir for seg sjølv. Ho har ei god venninne som går i ei anna klasse. Neste veke er det planlagt leirskule, men Zara nektar og seier at ho ikkje skal på tur. Ho har gått fra skulen når dei skal planlegge turen og seier at ingen kan tvinge ho på leirskule. Foreldra hennar har spurt deg om du kan snakke med Zara for å finne ut kva som plagar ho.

I samtalens kjem følgjan de fram: For nokre månadar sidan vart Zara ven med ein gut på Snap. Han går på ein annan skule, men Zara har høyrt at de skal på same leirskule. Denne guten var veldig hyggeleg, dei vart gode vener og sendte mange meldingar og bileter til kvarandre. Zara sendte eit nakenbildet til han. Seinare fekk ho vite at han hadde vist biletet til nokon. Han ba Zara sende fleire biletet, hvis ikkje skulle han sende det vidare til andre. Zara har ikkje sendt fleire biletet, men er skikkeleg kvalm og redd for at han skal vise biletet på leirskulen, eller til andre. Zara veit jo at ho eigentleg ikkje skulle sende slike biletet, men hun trudde hun kunne stole på han. Zara er redd for kva mamma og pappa vil seie, ho vil jo ikkje skuffe dei.

Snakk saman:

- Kor bekymra er du for Zara og familien?
- Kva plikter tenker du er utløyst av denne bekymringa?
- Kva vil du gjere vidare?
- Vurderer du at meldeplikta til barnevernet er utløyst? Kvifor/kvifor ikkje?

Kommentar:

Zara treng hjelp til å handtere bekymringa rundt biletet som ho har sendt frå seg. Ho har vore utsett for press og trugslar, men det er ingenting som tyder på at ho er utsett for vald eller overgrep i heimen. Det er ikkje noko som tilseier at du har grunnlag for å melde bekymring vidare til barnevernet utan foreldras samtykke. Familien kan få god hjelp av andre tenester om det er behov.

Anbefaling:

- Snakk med Zara om korleis du kan hjelpe ho til å snakke med foreldra. Kva er greit å fortelle vidare? Er det noko ho absolutt ikkje vil at foreldra skal vete? Kanskje vil Zara at du skal snakke med foreldra først, eller kanskje ho er tryggast om ho får fortalt det til ein av foreldra

som så kan ringe deg? Her kan det vere du må ha fleire samtalar med Zara for å trygge henne.

- Snakk med Zara (og foreldra) om korleis dei saman med skulen kan sikre at Zara er trygg på leirskulen (om det let seg gjere å reise).
- Vurder om guten har utsett Zara for så mykje press og trugslar at det er grunn til å varsle politiet om mogelege straffbare forhold. (Det krev at Zara er villig til å sei kven denne guten er).